



# NÆRINGSPLAN

## 2016- 2020



Surnadal  
kommune

Vedteke av Surnadal kommunestyre 16.06.2016




# Innhold

1	INNLEIING .....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Status.....	4
1.3	Utfordringar.....	5
1.4	Sentrale verkemidlar i det kommunale nærings- utviklingsarbeidet .....	8
1.5	Kommuneplanen .....	9
2	INDUSTRIPRODUKSJON OG SAMFERDSEL .....	12
2.1	Bakgrunn.....	12
2.2	Status.....	12
2.2.1	Industrien .....	12
2.2.2	Samferdsel.....	13
2.3	Mulegheiter og utfordringar.....	15
2.4	Mål, strategiar og tiltak .....	16
3	LOKALSAMFUNN OG VERTSKAP .....	18
3.1	Bakgrunn.....	18
3.2	Status.....	19
3.3	Mulegheiter og utfordringar.....	20
	Mål, strategiar og tiltak .....	22
4	REISELIV .....	23
4.1	Bakgrunn.....	23
4.2	Status.....	24
4.2.1	Surnadal og aktørane i området.....	24
4.2.2	Regionalt samarbeid.....	25
4.3	Mulegheiter og utfordringar.....	26
4.3.1	Natur og kultur .....	26
4.3.2	Infrastruktur og fellesgode .....	26
4.3.3	Organisering og næring .....	27
4.4	Mål, strategiar og tiltak .....	27
5	HANDEL OG SERVICE .....	29
5.1	Bakgrunn.....	29
5.2	Status.....	29
5.3	Mulegheiter og utfordringar.....	30
5.4	Mål, strategiar og tiltak .....	31



6	LANDBRUK.....	32
6.1	Bakgrunn.....	32
6.2	Status .....	32
6.2.1	Jordbruket .....	32
6.2.2	Skogbruk.....	34
6.3	Mulegheiter og utfordringar.....	37
6.3.1	Jordbruket .....	37
6.3.2	Skogbruket .....	38
6.4	Mål, strategiar og tiltak .....	39
7	NÆRINGSFONDET .....	41
7.1	Bakgrunn.....	41
7.2	Status .....	41
7.3	Muligheiter og utfordringar.....	43
7.4	Mål, strategiar og tiltak .....	44



# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn

Gjeldande næringsplan vart vedteke av Surnadal kommunestyre 15.09.11.

Planen omhandlar sju tema:

- Innleiing
- Industriproduksjon og samferdsel
- Lokalsamfunn og vertskap
- Reiseliv
- Handel og service
- Landbruk
- Næringsfondet

I kommunal planstrategi vedteke av kommunestyret 08.11.2012 var det lagt opp til ein lettare revisjon av planen.

Formannskapet vedtok i møte 25.11.14

1. Det blir oppnemnt ei arbeidsgruppe med tre medlemmar, der den eine er politikar. Ordførar blir politisk valt og leiar i gruppa.
2. Rådmannen oppnemner 2 medlemmar frå administrasjonen.
3. Formannskapet er styringsgruppe for næringsplanen.
4. Strategiplan for reiseliv blir ein del av næringsplanen.


Plankonsulent Råg Ranes blir sekretær for arbeidet.

## 1.2 Status

2015 var eit sjeldan godt år for næringslivet i kommunen, og mange verksemder kan vise til rekordtal i omsetning og aktivitet. Dette i ei tid da næringslivet i nasjonen er prega av nedgangen i oljeaktiviteten og ein generell internasjonal nedgangskonjunktur.

Norge har lenge levd godt på ein særnorsk høgkonjunktur smurt av oljepengar. Men «gullalderen» i norsk økonomi synes no å vere over, med synkande oljeprisar og lågare aktivitet i oljeindustrien, noko som serleg har ramma Vestlandet hardt. Men denne nedturen har og ført til lågare aktivitet hos berre nokre få verksemder i Surnadal kommune. Framover må vi innstille oss på lågare økonomisk vekst, og samtidig blir norsk næringsliv nødt til å omstille seg. Surnadal kommune har eit næringsliv som blir lite direkte påverka av nedturen i oljeindustrien. Spørsmålet blir om ein generelt vanskelegare økonomisk situasjon i Norge vil slå ut på varer og tenester produsert av næringslivet i kommunen.

Klimaavtalen i Paris i desember 2015 vil og få store innverknader på måten vi organiserer samfunnet. Hovudpunktet her er at global oppvarming skal avgrensast til to grader, og det skal



arbeidast for å klare 1,5 grader. Verden skal bli klimanøytralt i løpet av siste halvdel av dette århundret. Uttrykket «*det grønne skiftet*» vart kåra til årets ord i 2015 av Språkrådet.

Næringslivet i Surnadal kommune er prega av god arbeidskultur. Arbeidskrafta er kjenneteikna av å vere stabil og lojal. Tilgangen på arbeidskraft med rett kompetanse har stort sett vore god.

Kommunen har vorte sterkare når det gjeld å ha ein god kultur for gründerar. Aldri har det vore starta fleire nye bedrifter i Surnadal enn i 2015, dette samstundes som NAV kan melde om ei arbeidsløyse på berre 1,6%. Gjennom Hoppid.no har vi fått eit betre system for å gi hjelp til gründerar i startfasen. Vi har derimot ein del å gå på når det gjeld å skape ein kultur for ungdoms- og studentbedrifter i skulen. Det er viktig at både skule og næringsliv blir tydelege på kva for ønske og behov ein måtte ha til kvarandre. På utdanningssida er det viktig at den vidaregåande skulen har attraktive og framtidsretta tilbod.

Finansiering og vilkår omkring lån kan vere utfordrande, og det er liten kultur for å søkje investorar.

Gjennom lærlingar og lærlingepllassar kan vi lære opp ny arbeidskraft. Lærlingstilboda i kommunen innafor både privat og offentleg sektor må vi synleggjere betre. Ungdommane bør få informasjon om dette allereie i grunnskulen.

Kommunen har også eit potensiale i å utnytte naturgjevne ressursar som jakt, fiske, reiseliv og natur. For turistnæringa er arkeologiske og nyare tids kulturmiljø viktige reisemål som kan oppsøkast av grupper eller enkeltturistar.

Næringslivet i kommunen er ein viktig medspelar for det frivillige arbeidet i kommunen, både som sponsorar og medaktørar for å utvikle gode anlegg for idrett og annan aktivitet. Samspelet mellom det frivillige, kommunen og næringslivet er viktig for å gjere kommunen til ein god plass å bu. I kommunen blir det kvart år arrangert større arrangement som trekker mykje folk til kommunen. Med våre gode anlegg og rikhaldige natur ligg det til rette for å få til nye attraktive arrangement, som skapar positiv omtale og næringsmessige ringverknader.

## 1.3 Utfordringar

Med eit folketal på 5 962 pr. 1. april 2016 er Surnadal kommune ein middels stor kommune i Norge. Folketalet var på sitt høgaste i 1988 med 6 514 innbyggjarar. Etter ein liten nedgong var folketalet oppe på 6 512 i 1994, men har etter den tid hatt mange år med negativ befolkningsutvikling.



Det er relativt stor inn- og utflytting i kommunen, rundt 150-200 personar kvart år. Dei siste åra er det blitt fødd mellom 50-60 ungar og mellom 65-75 personar dør.

Delen av befolkninga med universitet- og høgskuleutdanning (19,7%) er lågare enn fylkes- og landsgjennomsnittet (25,9% og 31,4 %), men om lag på same nivå som andre distriktskommunar på vår storleik. Kommunen har større del kvinner med høgare utdanning (24,3%) enn menn (15,3).

Som tabellen under viser vil vi i følgje prognosane bli langt færre yrkesaktive i forhold til personar over 67 år i åra framover.

	2016			2040		
	16-66 år	67+	Aldersbæreevne	16-66 år	67+	Aldersbæreevne
Surnadal	3 812	1 132	3,4	3 592	1 713	2,1

Tabell 1: Talet på personar mellom 16-66 år pr. person over 67 år (aldersbæreevna) i Surnadal i 2016 og 2040

Vi ser også av tabellen at talet på personar i aldersgruppa 16-66 år blir redusert med 220 personar. Den framtidige eldreomsorga, anna offentleg forvalting og næringsliv skal hente si arbeidskraft frå ei gruppe som i 2040 er redusert med over 200 personar. Det blir ei viktig oppgåve i åra framover å arbeide for tilflytting og sikre nok arbeidskraft. Gruppa 16-66 år har i dag eit årskullsnitt på 76 personar, og det er langt over fødselskulla i dag på rundt 50-60 personar. Da etterspurnaden etter arbeidskraft truleg vil bli stor i heile landet, vil også vi i langt større grad enn i dag bli avhengig av arbeidsinnvandring og arbeidskrafta til busette flyktningar. Slik sett er vi i same situasjon som Tyskland og mange andre nasjonar som over lengre tid har slitt med små fødselskull.

Det tenesteytande næringslivet er også avhengig av eit visst befolkningsgrunnlag. For denne næringa kan også handelslekkasje, her også netthandel, og ikkje minst utanlandsreiser vere ei utfordring.

Pendlartala dei siste åra viser at pendlinga ut av kommunen er stabil, mens innpendlinga har auka.

Det er Sunndal kommune som tek imot flest pendlarar frå Surnadal. Deretter kjem etter tur Rindal og Halsa. Inn til kommunen kjem flest rindalingar, mens innpendlarar frå Halsa er ein god nr. 2.



Frå ↓ Til →	Surnadal 2014	Surnadal 2010	Rindal 2014	Rindal 2010	Halsa 2014	Halsa 2010	Sunndal 2014	Sunndal 2010
Surnadal 2014			112		47		114	
Surnadal 2010				97		54		115
Rindal 2014	170							
Rindal 2010		188						
Halsa 2014	83							
Halsa 2010		75						
Sunndal 2014	21							
Sunndal 2010		28						

Tabell 2: Pendling til og frå i regionen (SSB)

Tabellen under viser utviklinga for sysselsettinga i kommunen for aldersgruppa 15-74 år. Kollonna sysselsette etter bustad viser kor mange av dei som bur i kommunen som er i arbeid, anten ved at dei arbeider i kommunen eller pendlar ut. Sysselsette etter arbeidsstad viser kor mange som har eit arbeid her i kommunen, av desse også innpendlarar. Tala på sysselsette har endra seg lite dei siste åra.

År	23-66 år Surnadal	Sysselsette etter bustad	Sysselsette etter arbeidsstad	Netto utpendling
2000	3 337	2 997	2 804	193
2005	3 315	3 055	2 744	311
2010	3 252	3 047	2 885	162
2011	3 225	3 017	2 846	171
2012	3 229	3 059	2 882	177
2013	3 199	3 049	2 846	203
2014	3 211	3 037	2 840	197

Tabell 3: Sysselsette, arbeidsløyse og netto utpendling (SSB)

Ungdom er ofte tradisjonelle i sine yrkesval. Sjølv om næringslivet i kommunen er allsidig, har det vore ønskeleg med eit større spenn i arbeidstilbodet.

I hamneområdet har kommunen Industrikaia sentralt plassert. Frå landsida er det gode vegsamband inn til kaiområdet. Det er fylkesvegar som alle er 10 – tonns vegar og som er viktige samband til indre strøk av landet og til utlandet. På sjøsida er det korte avstandar til dei havrelaterte aktivitetane utanfor kysten: olje, gass og fisk. I området ved hamna ligg store areal regulert og delvis opparbeidd til industriformål. Surnadal må ta større del i dei



aktivitetane som er retta mot offshorenæringane og legge til rette for spesielt mekanisk industri i framtida.

## 1.4 Sentrale verkemidlar i det kommunale næringsutviklingsarbeidet

### Næringsfondet

Kommunen sitt økonomiske grunnlag for næringsutviklingsarbeidet er det kommunale næringsfondet. Kommunestyret fastset vedtekten for fondet og råmene for næringsutviklingsarbeidet. Formannskapet er styre for næringsfondet.

### Næringsplanen

Næringsplanen er eit styringsverktøy for næringsutviklingsarbeidet. Planen skildrar utviklingstrekk og utfordingar, gir mål, strategiar og tiltak for næringsarbeidet i planperioden og korleis næringsarbeidet skal vere organisert.

### Organisert næringssamarbeid med Sunndal – SUSU

Gjennom konkrete tiltak er målet å gi Indre Nordmøre sterke utviklingskraft og utvikle ein meir attraktiv bo- og arbeidsmarknadsregion. Eit felles utviklingsprogram, utarbeidd hausten 2013, skal angi bakgrunn, mål, strategiar og tiltak for gjennomføring i ein 4-årig programperiode fom 2014 tom 2017.

### SIV Industri-inkubator AS

Industriinkubator er eit innovasjonsselskap som er eigd av bedrifter, kommune, fylkeskommune og SIVA. Inkubatorane skal bidra til omstilling og innovasjon i næringslivet ved å stimulere til utvikling av vekstbedrifter i sfæren til etablerte industribedrifter. Programmet for industri-inkubatorar siktar mot å bidra til å løyse omstillingsbehovet generelt i norsk industri i lys av globale utfordingar. Dette er eit innarbeidd program frå SIVA. Ein industri-inkubator er kort sagt eit ”industritilknytta” innovasjonsverktøy.

### Surnadal Næringsforrening

Surnadal Næringsforrening vart danna etterjulswinteren 2015 av nærmare 40 ulike bedrifter/næringsdrivande i Surnadal. Foreninga skal være eit talerør for næringslivet i næringspolitiske spørsmål. Den vil jobbe for betre samferdselsløysingar, framme handelstanden sine interesser gjennom samarbeidstiltak samt bidra til tettare samarbeid mellom skule og næring.



## 1.5 Kommuneplanen

Kommuneplan for Surnadal kommune, samfunnsdelen 2014-2026, vart vedteke av kommunestyret 20.06.14. I den finn vi følgjande mål for næringsarbeidet:

### Mål

Sørge for at etablerte næringer kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemder kan etablere seg.

verksemder er desse seks nedfelt: **barn og unge, universell utforming, folkehelse, likestilling og inkludering, samfunnssikkerheit og beredskap og miljø og klima.**

Gode nærmiljø og mogleheter til fritidsaktivitetar er nødvendig for å sikre **barn og unge** gode levekår, utviklingsmogleheter og trygge oppvekstmiljø.

Levealderen aukar. Befolkingssamansettinga er slik at talet på eldre vil auke sterkt på slutten av planperioden. Dette må få stor innverknad på korleis vi planlegg tenestetilboda, bustader og infrastruktur, stader og byar. Føremålet med **universell utforming** er å legge til rette for at alle kan delta i det som går føre eg i samfunnet.

Det er viktig å legge til rette for friluftsliv, leik, rekreasjon og auka fysisk aktivitet, saman med gode møteplassar, for å førebygge helseplager og sjukdom i alle aldersgrupper i befolkninga. Gjennom å støtte denne delen av den frivillige sektoren er næringslivet ein viktig bidragsyta for å styrke **folkehelsa**.

Yrkesaktiviteten blant norske kvinner er svært høg samanlikna med dei fleste vestlege land utanfor Norden. Samtidig har Noreg ein av dei mest **kjønnsdelte arbeidsmarknadene** i Europa. I Surnadal kommune er og arbeidsmarknaden kjønnsdelt, og det er eit tydeleg skilje i løn. I Surnadal ligg gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn 110 000 kroner over inntekta til kvinnene.

**Likestilling i utdanning** er også viktig. Undersøkingar nasjonalt viser at val av utdanning og yrke har klar samanheng med kjønn. **Likestilling av funksjonshemma** er ei anna sentral utfordring, særleg når det gjeld muleheitene for arbeid.

Surnadal kommune er ein av mange kommunar i fylket som arbeider med å snu trenden med fråflytting og forgubbing gjennom innvandring. Det blir derfor viktig å **inkludere innvandrarar og flyktingar** i arbeidsliv og samfunnsliv.

Med **samfunnssikkerheit og beredskap** meiner vi samfunnet si evne til å ivareta liv, helse og grunnleggande behov og samfunnet si evne til å oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar under ulike påkjenningar.

**Natur- og kulturlandskapet** i kommunen er ein viktig ressurs for regional utvikling, og ein viktig faktor og ramme for sysselsetting, verdiskaping, busetnad og rekreasjon. Gjennom ein



god arealpolitikk kan vi ta omsyn til naturmangfaldet. Val av lokalitetar for næringsverksemd, bustader og infrastruktur vil påverke natur, energiforbruk og utslepp i lang tid framover.

**Klimaendringane** vil setje samfunnet vårt på prøve, og det er viktig at vi både førebur oss på endringane og gjer vårt beste for å redusere omfanget av dei. For å nå dette målet om å bli karbonnøytralt må alle bidra til eit endra forbruksmønster. Barn og unge skal skape framtidas samfunn, og skulen har ei viktig rolle i dette arbeidet. Samstundes må både det offentlege og næringslivet medverke til at nye klimavenlege haldningar og teknologiske løysingar får gode rammevilkår allereie i dagens samfunn.

Kommuneplanen er vidare delt inn i fleire tema, der temaa *Næringsutvikling* og *Befolkningsutvikling og kompetanse* er dei som spesielt rettar seg inn mot næringslivet i kommunen. Temaet *Kultur – omdømme – identitet* inneheld og strategiar som det er viktig å ta omsyn til i næringsplanen:

### Befolkningsutvikling og kompetanse

Mål: Vekst i folketalet for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse.

#### Strategiar

- Vidareutvikle Surnadal som attraktivt regionsenter.
- Vi skal arbeide for at dei som bur og veks opp i kommunen skal trivast, og på den måten utvikle sterk identitet og ha ei positiv oppleving av kommunen.
- Vi må utvikle gode vertskapsfunksjonar lokalt, slik at tilflyttarar fort trives og blir inkludert i lokalsamfunnet.
- Vi må bidra til at privat næringsliv og kommunen som arbeidsgjevar blir tydelegare på framtidig behov for arbeidskraft og betre på å rekruttere.
- Legge til rette for attraktive tomter og bustader for ulike behov og livsfasar.
- Kommunen og næringslivet må finne fram til gode måtar for å heve kompetansen. Introduksjonsprogram for flyktningar og anna kvalifiseringsløp må utarbeidast i ei felles forståing for framtidig arbeidskraftbehov.
- Marknadsføre kommunen som ein god plass å leve og arbeide er viktig. Å levere gode tenestetilbod er avgjerande for omdømmet vårt.



## Næringsutvikling

**Mål:** Sørge for at etablerte næringer kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemder kan etablere seg.

### Strategiar

- Surnadal kommune skal ta ein sentral rolle og vere pådrivar for å styrke det regionale samarbeidet med våre nabokommunar.
- Stimulere til eit variert næringsliv som gir større mulegheit for jobb nummer to.
- Auka fokus på teknologiske arbeidsplassar som mekanisk-, oljerelatert- og treindustri, gjerne i eit samarbeid retta mot universitets- og forskingsmiljøa i regionen, som NTNU- og SINTEF-miljøet.
- Utvikle dei gode mulegheitene som ligg i hamna og Surnadal som knutepunkt mellom fjordsystemet og innlandet, og vidareutvikle transportnæringa gjennom gode samferdselsløysingar.
- Arbeide for gjenkjenneleg marknadsføring gjennom tekst og bilde i flest mulege media og blant flest muleg aktørar i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.
- Det må leggast til rette for at landbruksnæringa kan halde fram med å utnytte dei samla ressursane som brukar utgjer, som jorda, skogen, elvane, utmarka og dei menneska som bur der.
- Utvikle og skape fleire arbeidsplassar innafor reiseliv og handel generelt og natur- og kulturbasert reiseliv spesielt, da basert på våre lokale ressursar, som laksefiske, jakt og anna fiske, rein natur og friluftsliv.
- Støtte opp om gründerar og hjelpe til med å realisere gode idear gjennom ei positiv haldning, tilgang på risikokapital og legge til rette for næringsareal.
- Styrke entreprenørskap i skulen gjennom tettare kontakt mellom skule og næringsliv.
- Utvikle vidare kultur- og idrettsbasert næringsutvikling, m.a. gjennom å etablere større arrangement med utgangspunkt i dei idretts- og kulturanlegga og fritidstilboda vi har.
- Sørge for at både arbeidsgjevarar og arbeidstakrar skal kjenne dei rettar og mulegheiter som finst for betre å legge til rette for arbeidsplassar for personar med ulike funksjonshemminger.



## 2 INDUSTRIPRODUKSJON OG SAMFERDSEL

### 2.1 Bakgrunn

Eit godt fungerande lokalsamfunn er avhengig av eit lønsamt og framtidsretta næringsliv. Industrien i kommunen sender det meste av sine produkt ut på den nasjonale marknaden. Gode samferdselsløysingar er derfor viktig både for å hente inn råstoff og transportere ut att produkt. Det er også viktig for å få til ein solid bu- og arbeidsmarknadsregion.

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel har vi henta følgjande strategiar:

- *Auka fokus på teknologiske arbeidsplassar som mekanisk og oljerelatert industri, gjerne i eit samarbeid retta mot NTNU- og SINTEF-miljøet.*
- *Utvikle dei gode mulighetene som ligg i hamna og Surnadal som knutepunkt mellom fjordsystemet og innlandet.*
- *Mange bur i dag i ein kommune og arbeider i ein annan kommune. For å kunne tilby nok arbeidsplassar er dette positivt. Det må derfor arbeidast for å betre vegnettet i regionen. Det er også viktig å utvikle vidare den elektroniske kommunikasjonen.*

### 2.2 Status

#### 2.2.1 Industrien

Industrien i Surnadal er mangfoldig, med ei hovudtyngde innafor bransjane trevare og plast. Den første industrien i kommunen henta sitt råstoff frå skogen, og ut att kom ulike treprodukt som trekassar, møblar, tønner m.m.. Frå da av har Surnadal kommune vore ein "trekommune", og vi har i dag fleire sagbruk, møbelprodusentar og trelastutsal. Vidare har vi laftefabrikk, produksjon av takstolar, elementproduksjon til bolighus, fjøs og uthus, samt mange andre bedrifter som produserer varer i tre for sal eller delleveransar til ferdighusleverandørar og møbelfabrikkar. Det leverast også treleveransar til offshore-industrien.

Plastfabrikken Pipelife Norge AS med hovudkontor i Surnadal er Norges største produsent og leverandør av røyrsystem i plast. Røyrsystema blir nytta til vatn, avløp, gass, elektriske installasjoner og til å ta vare på kablar. Vi har også kalksteingruve og mekanisk industri. Kraftproduksjonen er stor i kommunen med kraftstasjonane Trollheimen og Svorka og fleire småkraftverk med ein samla produksjon i underkant av 1 twh. To store transportfirma og fire større entreprenørar innafor bygg og



anlegg er viktige arbeidsplassar. Surnadal kommune har også den einaste produsenten av musefeller i landet!

Tabellen viser at talet på sysselsette innan handverk, prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar m.v. har vore stabil dei siste åra.

2009	2010	2011	2012	2013	2014
819	796	798	795	833	813

Tabell: Sysselsette personar i handverk, prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar mv. (SSB)

Næringslivet i Surnadal kommune er allsidig med god arbeidskultur og god og lojal arbeidskraft. Sjølv om tilgangen på arbeidskraft stort sett har vore god nok for å sikre næringslivet sine behov, viste den siste høgkonjunkturen vi var inne i at det kunne vere utfordrande nok å skaffe nok arbeidskraft innafor enkelte fagområde. Det blir derfor sett fokus på framtidas arbeidskraft og kompetanse. I denne samanhengen pågår eit forskingsprosjekt mellom Surnadal Videregående skole og lokalt næringsliv for å skaffe riktig, framtidig kompetanse.

Det vart i 2010 etablert ein industriinkubator. I 2015 blei denne vidareført i eit integrert samarbeid med Kunnskapsparken i Molde. Industriinkubator er eit innovasjonsselskap som er eigd av bedrifter, kommune, fylkeskommune og SIVA. Inkubatorane skal bidra til omstilling og innovasjon i næringslivet ved å stimulere til utvikling av vekstbedrifter i sfæren til etablerte industribedrifter. Europeiske undersøkingar viser at inkubatormiljø kan vere ein god måte å tiltrekke seg og behalde høgt utdanna arbeidskraft som elles står i fare for å forlate regionen, mens ei ny amerikansk studie viser at inkubator er eit svært effektivt verkemiddel for å skape arbeidsplassar både i utkantområde og i sentrale strøk. Inkubatoren i Surnadal har lukkast i særleg grad med etablering av 3 ulike bedriftsnettverk innafor offshore, lokal mat og trebasert industri.

## 2.2.2 Samferdsel

Gode bu- og arbeidsmarknadsløysingar må til for at regionen vår skal framstå som attraktiv. Det er derfor svært viktig for oss at vi får realisert Todalsfjordsprosjektet samt få oppgradert og utbetra fylkesveg 65.

Ein god vegstandard langs dagens fylkesveg 65 er og viktig for at næringslivet skal kunne sikre seg nødvendige råstoff og for at industriprodukt lett skal kunne transporterast ut til marknaden.

Svake punkt i dag på fylkesveg 65 er Storåsbakken i retning Storås og Korsvikbakken og Haugaskaret i retning Halsa. Det blir og jobba med å få vegen omklassifisert til riksveg, samt oppgradering til å kunne kjøre vogntog opp til 25,25 meters lengde.



Gjennom hamnesamarbeidet på Nordmøre, som er organisert gjennom Kristiansund og Nordmøre Hamn (KNH) IKS, er Surnadal hamn utpeika som regionhamn saman med Hitra som er den andre regionhamna i samarbeidet. Kristiansund og Nordmøre hamn har den sentrale føringa med terminalane på Devoldholmen og på Husøya. Det vil også i løpet av 2016 bli ferdigbygg ein Roro-rampe i regi av Krisitansund og Nordmøre hamn.

Surnadal hamn har ei strategisk plassering i høve til det sentrale vegnettet i landet og til sentrale strøk i Sverige.



*Surnadal hamn har eit stort potensiale.*

Det er gjennomført brukarundersøkingar som viser at det er eit stort potensiale for utskiping over hamna vår både lokalt og frå regionen. Vi har mange store bedrifter i kommunen som har potensiale til å legge om frå landevegs transport til sjøtransport.

I tillegg til den sentrale plasseringa hamna i Surnadal har fått i høve til hamnesamarbeidet på Nordmøre, må vi framheve dei lokale kvalifikasjonane hamna har med gode industriareal som omsluttar veg og kaifront.

Dei lokale vegframføringane fram til hamna har god kvalitet både for kommune- og fylkesvegane, sjølv om Fv. 65 som tidlegare nemnt har utfordringar på kvalitet i litt vidare samanheng.

Som stor eigar i hamneområdet og pådrivar for næringsutvikling har Surnadal kommune tatt initiativ til å opprette eit nytt hamneselskap saman med lokalt næringsliv og Kristiansund og Nordmøre Hamn. Surnadal Hamneterminal AS skal drifte hamneområdet og legge til



rette for eit lagerområde og etter kvart ei terminalbygg som gir grunnlag for å lagre gods. Det er planar til fleire båtanløp kvar veke.

## 2.3 Mulegheiter og utfordringar

Utgangspunktet for all utvikling er basert på basisnæringar, som her er definert som næringar som eksporterer varer og/eller tenester ut av eit område. Ikkje-basisnæringar leverer varer og/eller tenester innan området. Tradisjonelt ser ein på utvikling av basis-næringar som nøkkelfaktoren for vekst, fordi ikkje-basisnæringar kjem som ein ringverknad av vekst i basisnæringane.

Ein bør legge særleg vekt på å legge til rette for definerte vekstnæringar, slik som rein økologisk produksjon, bioteknologi og informasjonsteknologi.

Kompetanse og arbeidskraft er føresetnader for verdiskaping og produksjon i arbeidslivet. Det blir viktig å sikre kompetanse, både på fagarbeidar- og høgare nivå, til næringslivet. Den vidaregåande skulen og næringslivet må samarbeide om dette.

I kommunen er det liten kultur for å søke investorar, og for mange kan det vere vanskeleg å hente inn risikokapital. Vi må legge til rette for at gründerar og eksisterande bedrifter kan nyttiggjere seg det som er av investormiljø på nasjonalt nivå.

Gjennom lærlingar kan vi lære opp ny arbeidskraft. Tilboda til lærlingar innafor privat sektor må vi synleggjere betre. Ungdommane bør få informasjon om dette allereie i grunnskulen.

Vi kan sjå ein viss trend i at det kan vere utfordrande å rekruttere ungdom til arbeidsplassar der ein ikkje treng fagkompetanse. Det kan på sikt også bli utfordrande å rekruttere personar til skiftarbeid. Det er tydelege teikn på at nye generasjonar arbeidstakrar sett nye krav til arbeidstid og fagleg innhald på arbeidsplassen.

At større bedrifter i kommunen er utanbygds eigd kan vere både ein trussel og ei mulegheit. Det er uansett behov for kontinuerleg omstilling og innovasjon i industrien, noko som ikkje minst gjeld vår konkurranseutsette industri. Dette vil i framtida krevje tilsette med høg kompetanse og kanskje innafor nye fagområde som vi i dag ikkje kjenner til eller har utdanningstilbod for. Å trekke til seg arbeidstakrar med evne til innovasjon og utvikling vil vere viktig for at Surnadal skal oppretthalde og auke si konkurranseevne.

Industriområdet i Røtet har eit stort potensiale, med ledige areal som er ferdig tilrettelagt og regulert for industriformål. Arealet har god byggegrunn og er omkransa av godt utbygd infrastruktur med hamn, vegar og vatn og avløpsledningar. I området har det fram til no vore litt meir tilfeldig korleis handelsbedrifter, lager og industriproduksjon er blitt tildelt tomteareal.



Utfordringa blir å få til eit meir velregulert område. På den måten kunne vi og få til ein fasade mot Industrivegen som tek seg betre ut, ved at reine "grovlager" vart trekt meir i bakgrunnen. Det bør lagast ein arealplan som legg føringar på bruken av området.

Mange av dei etablerte bedriftene i Røtet kan bidra til aktivitetane på hamna. For å oppretthalde nødvendige rammevilkår for næringslivet, slik at bedriftene kan utvikle seg vidare, er det viktig med god tilgang på kapital og energi, god infrastruktur og tenlege bu- og arbeidsmarknadsregionar. Vi må gjennom god marknadsføring og sterke fagmiljø sikte mot å bli ein vinnar i kampen om kompetansen, både nasjonalt og regionalt.

Næringslivet i kommunen er ein viktig medspelar for det frivillige arbeidet i kommunen, både som sponsorar og medaktørar for å utvikle gode anlegg for idrett og annan aktivitet. Det er viktig å utvikle vidare samspelet mellom det frivillige, kommunen og næringslivet, slik at vi sikrar våre felles mål om at dette skal vere ein kommune som det er godt å bu i.

## 2.4 Mål, strategiar og tiltak

### Mål:

Sysselsettinga i bergverk og industri skal i planperioden aukast frå 360 til 450 personar.

#### Strategi 1:

Sikre industrisysselsettinga gjennom å fornye og modernisere eksisterande basisnæringar.

##### Tiltak:

- Samarbeide med NTNU- og andre forskings- og utviklingsmiljø
- Støtte opp om ein industri som er framtidsretta, miljørobust og kunnskapsbasert.
- Arbeide for at Surnadal skal bli det innovative senteret for treindustri i Møre og Romsdal
- Målretta fagutdanning på den vidaregåande skulen.

#### Strategi 2:

Legge til rette for effektiv vareflyt og logistikk, samt ein optimal, velfungerande bu- og arbeidsregion på Indre Nordmøre.

##### Tiltak:

- Utvikle dei gode mulegheitene som ligg i hamna og Surnadal som knutepunkt mellom fjordsystemet og innlandet.
- Arbeide for realisering av Todalsfjordprosjektet, samt oppgradering og utbetring av fylkesveg 65 inkl. tillate bruk av modulvogntog opp til 25,25 meters lengde.
- Arbeide for at kollektivtransporten blir styrka, Time-ekspress Kr.sund-Orkdal.
- Legge til rette for at vi kan møte innvandra arbeidskraft på ein god måte, tilpassa behovet i næringslivet.



**Strategi 3:**

Legge til rette areal, hjelpe til med å hente inn risikokapital og støtte opp under gründerar.

**Tiltak:**

- Meir detaljregulering og bearbeiding av industriområdet .
- Arbeide med tiltak for å heve standarden på fasaden til industriområdet.
- Sikre god rettleiing og hjelp til gründerar i oppstart- og utviklingsfase.
- Støtte opp om regionalt utviklingssamarbeid med lokal forankring.
- Stimulere til økt internasjonalisering og eksport.
- Vidareutvikling av nettverk, fagleg og geografisk.



## 3 LOKALSAMFUNN OG VERTSKAP

### 3.1 Bakgrunn

Ein kommune eller ein stad som har eit godt omdømme vil styrke sin attraktivitet som bustad, som område å besøke og som ein region det er attraktivt å investere i. Eit omdømme representerer ikkje nødvendigvis kva vi meiner eller hevder å vere, men er summen av korleis omverda oppfattar oss. Med andre ord er eit omdømme meir avhengig av kva vi faktisk er og gjer enn kva vi gjennom slagord og symbol ønsker å vere. Alle som bur i kommunen er med på å utforme kommunen sitt omdømme.

Surnadal kommune har mangla ein felles struktur og idè omkring å bygge omdømme.

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2009-2013 har vi derfor sagt at vi skal arbeide med eit eige visjons-, omdømme og identitetsprosjekt:

*"Utvikle ein omdømmestrategi som skal danne basis for identitetsarbeidet lokalt, der det er viktig at ein tek omsyn til møtet mellom tradisjon og fornying i profilieringa av kommunen – og at ein vektlegg at Surnadal skal vere ein framtidsretta kommune der ein kan vere raus, modig og dristig – skape rom for nytenking og mangfold".*

I tekstdelen heiter det vidare at *ei viktig oppgåve framover blir å samordne og utvikle ein reiskap for felles omdømmebygging innafør privat og offentleg sektor. For å bygge omdømme og identitet bør det utviklast eit samarbeid mellom kommunen, lag, skular og frivillige.*

Eit kommuneomdømme har to variantar:

- 1) Kommunen sitt omdømme som offentleg verksemd.
- 2) Kommunen sitt omdømme som lokalsamfunn.

Eit godt omdømme for kommunen som offentleg verksemd gir motiverte medarbeidarar, lågare sjukefråvær og kvalifiserte jobbsökjarar. Det er i kommuneorganisasjonen utarbeidd ein strategi for organisasjonsutvikling,- identitets- og omdømmebygging 2010-2013 for kommunen som offentleg verksemd

I arbeidet med næringsplanen vil det vere kommunen sitt omdømme som lokalsamfunn vi må utarbeide mål, strategiar og tiltak for.

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel finn ein følgjande strategiar.




- *Arbeide for at dei som bur og veks opp i kommunen skal oppleve sterkt bulyst, og på den måten utvikle sterkt identitet og lojalitetsband til kommunen.*
- *Arbeide for gjenkjenneleg marknadsføring gjennom tekst og bilde i flest mulig media og blant flest mulig aktørar i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.*
- *Arbeide for gjenkjenneleg marknadsføring gjennom tekst og bilde i flest mulig media og blant flest mulig aktørar i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.*
- *Støtte opp om gründerar og hjelpe til med å realisere gode idear gjennom ei positiv haldning, tilgang på risikokapital og legge til rette for næringsareal.*
- *Aktivt rekruttere innbyggjarar og arbeidskraft gjennom å profilere kommunen med alt det positive vi har å by på, og som gjer kommunen til ein god stad å leve og arbeide.*
- *Dei som flytter til kommunen må ofte ha ein jobb å gå til. Spesielt næringslivet blir utfordra til å synleggjere kva dei har å tilby elevar/ungdom og nyutdanna unge.*
- *For å kunne marknadsføre heile kommunen breitt og tilgjengeleg, må vi opprette ein felles nettstad, med sider på dei språka som er aktuelle til marknadsføring, og desse må vere jamt oppdaterte.*
- *Utvikle eit felles "marknadsføringselement" for merkevarebygging og slagkraft.*

## 3.2 Status

Den første spede start på å profilere kommunen tok til på slutten av 80-talet. I 1989 vedtok Surnadal kommunestyre "tvillingstreng av taggesnitt" som kommunen sitt kommunevåpen. Motivet er valt som eit symbol på at Surnadal er ein jord- og skogbrukskommune, der dalføra blir gjennomskorne av fiskerike elver.

I samband med ein flyttekampanje retta mot trønderar i 1989, vart slagordet "Her skin de sol", illustrert med ein glad gut, utarbeidd. I 2000 vart slagordet endra til "No skin de sol", og illustrasjon vart gjort om til ei skisse av Knyken med ei sol over.

I 2002 vart det utarbeidd informasjonsmateriell for kommunen. Omslagsheftet vart på framsida illustrert med ei teikning av Surnadal kulturhus og tre mindre biletar: lakseelva Surna, Skei og Øye og Kleivakveld under Vårsøghelga. På side to er teksta til Vårsøg attgjeve med Nauståfossen som svakt bakgrunnsbilete. På side tre har vi skrevet kort om tre ting som vi meiner er "Verdt å kjenne til" i kommunen: Kårvatn, Vårsøghelga og Surna. Vi ser at slagord og profileringsmateriell for kommunen sin del i stor grad bygger på Vårsøg, elvene våre og Kårvatn.



Innbyggerundersøkinga frå 2009 gir oss mange svar på korleis innbyggjarane ser på kommunen sin og tenestetilbodet vårt. Vi såg også at vi har eit omdømmegap, det betyr at dei som var brukarar av tenestene var meir nøgde med kvaliteten enn dei som berre visste om tenestene. Eit slikt omdømmegap er noko som går att i slike undersøkingar. Den kommunale oppgåva blir å gjere omdømmegapet minst muleg.

I si SWOT-analyse har arbeidsgruppa for dette avsnittet i næringsplanen teke for seg heile lokalsamfunnet. Den viser svakheiter knytt til samferdsel, kommunikasjon, manglande salskompetanse, utdanningsnivået, usynlege arbeidsplassar, bedrifter som ikkje profilerer seg bra nok og haldningane våre.

Dei sterke sidene til kommunen er stort mangfold innafor kultur, idrett og friluftsliv, sterkt identitetkjensle, samarbeid mellom skule og næringsliv, geografisk plassering, allsidig næringsliv og Surnadal vidaregåande skule.

Vi har elles eit inntrykk av at ungdom i dag er mykje meir positive til lokalsamfunnet enn dei var tidlegare. Ungdomsundersøkingar viser da også at det er ungdomane på Surnadal vidaregåande skule som er dei mest positive i fylket til å anbefale andre heimstaden som bustadkommune.

Vårsøghelga, Norsk Laksefestival og Stangvikfestivalen er viktige omdømmebyggjarar for kommunen, og siste skot på denne stammen er Norsk Vandrefestival. Det same er det som skjer på kulturhuset, i lag og organisasjonslivet elles, store idrettsarrangement og flotte anlegg rundt omkring i kommunen om det så gjeld golf, friidrett, motocross o.s.b. Surnadal kommune blir av mange sett på som ei rik kulturbygd, og mykje av dette har sin bakgrunn i eit godt kulturtilbod og at svært mange frå kommunen har utvikla seg, utdanna seg og livnærer seg innan musikk eller andre kunstnarlege uttrykk.

### 3.3 Mulegheiter og utfordringar

Som vi har vore inne på er det viktig å finne ut korleis kommunen både som organisasjon og lokalsamfunn blir oppfatta. Omdømmeundersøkingar er viktige for å finne ut av dette. Hausten 2010 har det gjennom ORKIDE blitt gjennomført ei slik undersøking blant politikarar, tilsette, leiarar frå lag- og organisasjoner og folk frå næringslivet som vart spurt om kva inntrykk dei hadde av nordmørskommunane. At Surnadal kommune kom best ut i denne undersøkinga var gledeleg ,men den er også eit nyttig reiskap i det vidare arbeidet vårt.

Surnadal kommune kom betre ut enn snittet for Nordmøre på samtlege spørsmål. Høgast skåre finn vi når det gjeld beslutningstakarane sine inntrykk av kommunen som ein stad som kan by på kulturell infrastruktur.



Samanlikna med dei andre kommunane kjem Surnadal kommune best ut når det gjeld spørsmålet om kva inntrykk ein sit med av kommunen som samarbeidsvillig og totalt sett kor godt inntrykk dei som svara hadde av kommunen. I det siste spørsmålet vart dei som svara bedne om å beskrive dei positive sidene ved kommunen, altså det vi burde legge vekt på i vår kommunikasjon. Vi kan nemne at av 135 svar vart dette med kultur nemnt i 60 av svara, eit resultat som underbygger påstanden om at vi av mange blir oppfatta som ein plass der kulturen står sterkt. Det vil derfor vere naturleg å vurdere om vi bør satse på å profilere bygda som kulturybygda. Dette spørsmålet høyrer heime i ei framtidig omdømmeplan for kommunen. Det blir svært viktig å forankre arbeidet med ei framtidig omdømmeplan både i næringslivet, lag og organisasjoner og blant folk flest.

Kommunen skal stimulere til samarbeid mellom næringsliv, offentleg sektor og andre aktørar, slik at vi kan finne løysingar som gjer at folk ønsker å bu her, styrke lojalitetsbanda til kommunen og sikre eit robust folketal. Det skal vere særleg fokus mot barn og unge og personar i etableringsfasen. Vi må ikkje gløyme at det også er svært viktig å ta vare på dei som allereie bur her. Ikkje minst er det viktig å ha eit lokalsamfunn som er attraktivt for kvinner. Det er etablert eit eige kvinnenettverk som fyller ein viktig funksjon i så måte.

Media er både ein trussel og ei muleheit for å styrke det kommunale omdømet. Politikarar og tilsette bør vere medvetne korleis dei kommuniserar, både med omverda og med media. Ikkje berre når dei blir spurde, men også vere den som set dagsorden. Andre sider ved media, som bloggar, formidlar i for mange samanhenger ein negativ bodskap.

Vi har eit allsidig arbeidsliv med mange muleheiter for ulike typar arbeid. Det er ei utfordring å få bedriftene til å vise kva dei har og kva dei kan bruke av kompetanse. Sommar- og helgejobbar er viktig for at ungdomen skal kunne få arbeidspraksis og nærmare kjennskap til næringslivet i kommunen.

Vi bør bli flinkare til å ta i mot nye innbyggjarar , slik at dei blir kjende med folk og lokalsamfunn. Det kan vere ei utfordring for nyinnflyttarar å sette seg inn i det som kommunen har å tilby av tenester og fritidstilbod. Det hadde vore tenleg med ein tilflyttingsvert eller liknande person som kunne følgje opp innflyttarane samt drive informasjonsarbeid og haldningsarbeid slik at alle surnadalingar blir meir bevisst vertskapsrolla og vil framstå som eit betre vertskap. Middagsvener, fadderordingar og liknande er tiltak som vil gjere det lettare for nyinnflyttarar å tilpasse seg lokalsamfunnet.

Vi bør alle vere gode ambassadørar for heimpllassen vår. Dette er noko vi alle kan tenke på, både om vi bur i kommunen eller er utflytta. Det er derfor viktig å legge til rette for at ein kan halde oppe kontakten med dei som veks opp i kommunen, bur eller har budd her og spele på dei verdiar og opplevelingar vi har felles. Kommune og næringsliv bør saman sjå på korleis ein kan halde kontakten med denne målgruppa. Facebook og digitale media blir sett på som viktige for å halde kontakt med ungdomane.



## Mål, strategiar og tiltak

### Mål:

Forsterke eit livskraftig lokalsamfunn med eit vertskap som gjer det attraktivt å være her.

### Strategi 1:

Arbeide for at vi skal framstå som eit ope og gjestfritt lokalsamfunn for tilflyttarar.

#### Tiltak:

- Utarbeide ein vertskapsmodell for korleis vi tek hand om tilflyttarar.
- Arbeide under mottoet: «Frå vertskap til venskap».
- Vidareutvikle «Sjekk Nordmøre» som vertskapskanal og rekrutteringsvertøy.
- Innflyttardag/-arrangement.
- Lågterskelarrangement for tilflyttarar og sosiale møteplassar.
- Fadderordning.

### Strategi 2:

Bevisstgjere og skape fleire gode Surnadal-abassadørar i og utanfor kommunen.

#### Tiltak:

- Informasjon om næringsliv og høve til jobb.
- Felles møteplassar for utflytta surnadalingar, til dømes i Trondheim og Oslo.
- Synleggjere tilbod og kvalitetar vi har som lokalsamfunn.
- Auke mobiliseringa av elevar i den vidaregåande skulen og folkehøgskulen.

### Strategi 3:

Utarbeide ein felles omdømmestrategi for kommunen som samfunn.

#### Tiltak:

- Manual som beskriv lokalsamfunnet vårt og våre verdiar.
- Bildebank til felles bruk.
- Ambassadørar for kvarandre – skryte av kvarandre.
- Satse på/utvikle vidare Surnadal som ein kulturkommune.



## 4 REISELIV

### 4.1 Bakgrunn

Reiseliv er ei næring som er særskilt samansett og som bidreg positivt til kommunen på mange måtar. Det gjev omsetning langt ut over reiselivsbedriftene, inklusive sal av varer og tenester som transport, overnatting, servering, formidling av reiser, aktivitetar og attraksjonar.

Globalt har reiselivsnæringa hatt ein stor vekst sidan starten på 70-talet. Norge har tatt del i denne veksten, men har hatt svakare utvikling enn snittet. Det kjem mellom anna av sterk kronekurs og høgt lønnsnivå.

Det at mange reiser meir og oftere har ført til ei utvikling kor det blir stilt stadig høgare krav til innhald i reiselivsprodukta og det er ein betydeleg vekst i etterspurnaden etter naturbaserte og kulturelle opplevingar. Ved å tilfredsstille denne etterspurnaden syner det seg at viljen til å betale for slike opplevingar er aukande. Det vil og kunne føre til at reiselivstilbodet ikkje lenger er berre sesongbetont, men blir meir heilårleg.

Gode tilbod og tilrettelegging til fastbuande vil og medføre fleire og betre reiselivstilbod. Det same gjeld godt tilrettelagte reiselivstilbod, som og ofta vil vere til stor glede for lokalsamfunna. Eksempel på dette er Surnadal Alpinsenter, Nordmarka skisenter, Surnadal golfklubb, og alt arbeidet som er lagt ned med stimerking og skilting dei siste åra, for å nemne noko.

I Regjeringa sin reiselivsstrategi frå 2012 sa daverande nærings – og handelsminister Trond Giske at reiselivsnæringa skal vere ei av dei næringane Norge skal leve av i framtida. Regjeringa sitt mål er auka verdiskaping og produktivitet, fleire heilårs arbeidsplassar og meir solide bedrifter særleg i distrikta og fleire unike og kvalitativt gode opplevingar som trekker til seg gjestar med høg betalingvilje. Ei ny stortingsmelding om reiselivet i Norge er venta i løpet av 2016



Surnadal Alpinsenter



I kommuneplanen sin samfunnsdel finn vi følgjande strategiar knytt til reiselivstemaet:

**Strategiar for næringsutvikling:**

- Utvikle og skape fleire arbeidsplassar innafor reiseliv generelt og natur- og kulturbasert reiseliv spesielt, da basert på våre lokale ressursar, som laksefiske, jakt og anna fiske, rein natur og friluftsliv.
- Utvikle vidare kultur- og idrettsbasert næringsutvikling, m.a. gjennom å etablere større arrangement med utgangspunkt i dei idretts- og kulturanlegga og fritidstilboda vi har.

**Strategi for kultur-omdømme-identitet:**

- Bli blant dei fremste og mest kjente i Midt-Norge innafor friluftsliv, og til å legge til rette for aktivitetar i tilknyting til det.

## 4.2 Status

### 4.2.1 Surnadal og aktørane i området

Surnadal har fleire godt etablerte bedrifter innan reiseliv og ei fin blanding av erfarte drivaran og nyetableringar. Mange av aktørane har verksemda innan reiseliv som attåtnæring. Det er lite samhandling mellom bedriftene, og fram til no har det vore lite koordinering og samla innsats for å utvikle Surnad-



Foto Jon Olav Ørsal

Kårvatn er eit viktig reiselivsprodukt

Turistinformasjonen er lokalisert på kulturhuset, og det er Thon Hotel Vårsøg som tar seg av den daglege drifta. Drifta er heilårleg og skjer gjennom tenesteavtale med Surnadal kommune.

Surnadal har mange bedrifter som er knytt til reiseliv. Det er mange overnatningsbedrifter, frå hotell til campingplassar og turisthytter. Dei er godt spreitt rundt i heile kommunen, frå Flessen til Bæverfjord, Skei og Surnadalsøra, Kårvatn og Todalsøra, Kvanne og Øvre Surnadal.

Dei fleste heilårs serveringstilboda er i sentrum, men det er fleire sesongdrevne tilbod som kafeen i Svinvika og Todalshytta for å nevne nokre.

Surnadal har og stor spennvidde i aktivitetar som ein kan tilby turistane, alt i frå gaiding av turar eller gå på turar på eiga hand. Her kan vi nemne at Surnadal ligg på landstoppen i talet på turisthytter med



sine 11 hytter innafor kommunen sine grenser. Det er også mulighet for å leige Vaulen på Nordmarka. Elles er det tilbod fra riding til golf, laksefiske og blomsteropplevelinger på Svinvik arboret.

#### **4.2.2 Regionalt samarbeid**

Møre og Romsdal har et stort mangfold og mange naturperler som blir lagt merke til både nasjonalt og internasjonalt. Dei reisemåla som er mest kjent i dag er Trollstigen, Geiranger og Atlanterhavsvegen.

Fylket er nordlegaste delen av den felles regionsatsinga Fjord Norge. Fjord Norge driv internasjonal marknadsføring med hovudformål å plassere Fjord Norge som verdens mest attraktive destinasjon for natur – og opplevelingsferiar. I tillegg skal Fjord Norge formidle marknadskunnskap til næringa i regionen.

Surnadal er medlem i Fjord Norge gjennom medlemskapet i Visit Nordmøre og Romsdal (VNR). Visit Nordmøre og Romsdal oppsto i 2015 som resultat av fusjon mellom Visit Molde og Visit Kristiansund. Både Surnadal kommune og reiselivsbedriftene kan hente ut meir av medlemskapen i VN&R og Fjord Norge gjennom sterkare koordinering og meir aktiv deltaking i medlemsorganisasjonane.

Surnadal og med i eit samarbeidsprosjektet mellom Sunndal, Surnadal og Visit Nordmøre og Romsdal, som har som mål å auke verdiskapinga i reiselivsnæringa. Prosjektet vektlegg serleg produktutvikling innan naturbaserte opplevelinger, arrangementsturisme retta mot idrett og kultur og auka verdiskaping av hytteturisme og anna langtidsturisme. Ein viktig del av prosjektet sitt arbeid er å etablere arenaer for samarbeid og nettverksbygging mellom aktørane i området. Bruk av destinasjonsselskapet og Fjord Norges marknadsføringskanalar skal medverka til at vårt område blir meir synleg og attraktivt både for innanlandske og internasjonale turistar.



## 4.3 Mulegheiter og utfordringar

### 4.3.1 Natur og kultur

Målestasjonen for nullpunktet for rein luft befinn seg på Kårvatn i Surnadal og store delar av kommunen ligg i Trollheimen som er kjent for urørt natur med rik flora og fauna. Og da spesielt den allsidige og rikhaldige furuskogen. No siste dokumentert gjennom Morten Gåsvand si bok om furukjempene i Trollheimen og reprotasje i Fjell og Vidde om same emne. Surnadal er ein av kommunene i Norge som huser flest turistforeningshytter og er vertskap for både Kristiansund og Nordmøre Turistforening og Trondhjem Turistforening.

Den varierte geografien i fjellområda er godt eigna for naturbaserte aktivitetar av mange slag, til dømes toppturar, vandring, langrenn, randonnee, klatring og stisykling. Vi har enkelt aktørar som leverer kommersielle produkt på nokre av desse områda, men det er behov for koordinering og samarbeid for å utvikle heilhetlege produkt som er lett tilgjengeleg for besökande.

Kombinasjonen fjord og fjell er eit godt grunnlag for varierte fiskeopplevelingar. Lakseelvene er godt kjent, mens fiske i fjord og fjellvatn er lite utvikle som kommersielle produkt.

Surnadal er ein jordbrukskommune med aktivt og variert landbruk. Det gir gode føresetnader for å utvikle lokal matproduksjon i tråd med den aukande etterspurenaden etter småskalaproduksjon og lokal matkultur. SIVA har etablert nettverksorganisasjonen «Den Gode Maten» for lokale matprodusentar og i oktober opne det ein butikk for sal av lokale matvarer i Surnadal. Jordbruk i seg sjølv kan generere opplevelingar i reiselivssamanhang; det er noko Surnadal bør greie ut vidare i tida framover.


### 4.3.2 Infrastruktur og fellesgode

Kommunen har mange idrettsanlegg og eit stort mangfold i idrettstilbod som ein kan dra nytte av for å utvikle tilbod om arrangement, både sommar og vinter.

Kulturlivet i kommunen er svært rikt og det finnes mykje god kompetanse og tradisjon innan kulturarrangement.

Sjølv om ikkje europavegane går gjennom kommunen, har vi god vegmessig infrastruktur og heile tre flyplassar og to togstasjonar innan rekkevidde.

Lokalisering midt i Norge og midt mellom tre byar ser vi på som ein god føresetnad for å utvikle meir aktivitet for rundreiseturistar.



#### 4.3.3 Organisering og næring

Det er i Surnadal mange muligheter for å kunne utvikle reiselivsarbeidet vidare, særleg ved å utnytte dei naturgjevne føresetnader som kommunen har i fjord og fjell. Her er det kort avstand mellom opplevingar på sjøen og i høgfjellet.

Reiselivet blir no tilført nye ressursar gjennom samarbeidet med Sunndal og opprettinga av den nye reiselivsstillinga. Bransjen er avhengige av produktutvikling og fokus på opplevingar, aktivitet og tilrettelegging av dei naturbaserte fortrinna vi har.

Det har dei siste åra vore gjort ein god jobb med merking og skilting av turløyper i regionen. Desse finn ein og på morotur.no. Tilgang til fiske i fjellvatn er og gjort mykje enklare, gjennom sal via Inatur. Dette er positivt for fastbuande, og gjer områda meir tilgjengelege for tilreisande. Mykje bra er gjort på vandring og skiløyper, og ein bør prøve vidareføre dette arbeidet til sykkelstiar, kajakkpadling og til andre opplevingar, som til dømes badeplassar.

Det ligg og eit godt potensiale i dei meir stasjonære turistane som hyttebeboarar og laksefiskarar. Her kan ein utvikle/satse meir på tilbod på desse områda. Det ligg og eit potensiale i dei mange turisthyttene. Det kan utviklast tilbod med utgangspunkt i desse, m.a. med dei som ligg i innfallsporten til Trollheimen og det rutenettet som ligg til desse og til Fjordruta som Kristiansund og Nordmøre Turistforening har utvikla.

Det er imidlertid ei utfordring å kunne gjennomføre ei slik utvikling, slik at ein og kunne oppnå å skape fleire heilårlege arbeidsplassar innafor reiselivsbedrifter og styrke kompetansen om lokalt reiseliv. I det arbeidet er da viktig å skape ei positiv haldning til dei som vil satse på reiseliv, og ikkje minst å få til eit betre samarbeid innafor turistnæringa.

### 4.4 Mål, strategiar og tiltak

#### Mål:

Skape vekst i reiselivet ved å støtte opp om og leggje til rette for personar med initiativ og kompetanse til å skape tilgjengelege produkt heile året.



Strategi 1:Satsing på naturbasert reiseliv.

Tiltak:

- Merking/skilting og utvikling av vandreopplevelingar i naturen.
- Utvikle Trollheimen som produkt gjennom støtte til aktørar.
- Marknadsføring/profilering av KNT si ”Fjordrute”.
- Utvikle produkt som inneber naturbasert opplevelsesturisme innan vandring, sykling, ski og vintersport osb.
- Legge til rette for etablering og utbygging av hytteområde og auka verdiskaping rundt hytteturistar
- Utvikle produktet ”Trippelfisking” – fisking i fjord, elv og vatn.

Strategi 2:

Satsing på kulturbasert reiseliv.

Tiltak:

- Auke verdiskapinga rundt idrettsarrangement og kulturarrangement gjennom produktutvikling rundt eksisterande idrettsarrangement og utvikle fleire arrangement.
- Årleg idemyldring med lag og organisasjonar i Surnadal.
- Støtte opp om tiltak som gjev ringverknad mellom aktørar som kulturhus og NOFO og dei etablerte reiselivsaktørane.

Strategi 3:

Marknadsføring og profilering av reiselivstilbod i Surnadal kommune.

Tiltak:

- Vere med i arbeidet for å få oppretta eit reiselivsforum i samarbeid med Sunndal
- Arbeide for ein betre organisering av lokalt reiselivsarbeid.
- Bidra til samarbeid og resultat av nyoppretta stilling i samarbeid med Sunndal og VNR.
- Oppgradering og tydeleggjering av turistinformasjonen. Profesjonalisering i samarbeid med aktørane i næringa
- Bevisstgjering av reiselivsbedriftene sin kommunikasjon med turistinformasjonen.
- Utvikling av reiselivssider i samarbeid med Visit Nordmøre og Romsdal
- Oppdatering og ansvar for informasjonen på nettstader kommunen har.
- Nytt friluftskart. Nytt fiskekart under utarbeiding. Felles brosjyre og lokalguide i samarbeid med VNR i reiselivsprosjektet.
- Marknadsføring av hytteområde.
- Støtte opp om fellestiltak initiert av reiselivsnæringa.
- Stimulere til kompetanseheving innan reiselivet.



## 5 HANDEL OG SERVICE

### 5.1 Bakgrunn

Med handel i denne planen blir det meint handel med innkjøpte varer som føretaket/ butikken sjølv ikkje har foredla/tilverka og som det er rekna med skal seljast vidare. Døme er omsetnad i butikkar, tradisjonell butikkhandel og handel med brukte varer.

Service er den måten ein kunde ventar å bli behandla på når han/ho kjøper ei teneste eller ein vare, eller den behandlinga ein butikk gir ein kunde. God eller dårlig service vil kunne vere sjølve opplevinga av behandlinga, korleis ein blir behandla, om den er betre eller dårligare enn venta. Innanfor sals- og serviceyrke, t.d. butikkmedarbeidarar, servitørar, sjåførar, omsorgsyrke, vil service betyr mykje i forhold til å kunne vinne eller tape eit meirsal. Negative opplevingar vil og ha mykje å seie for omdømmet til butikken eller tenesta.

I kommuneplanen sin samsfunnsdel finn vi ikkje nokon strategi som omhandlar handel og service spesielt.

### 5.2 Status

Surnadal kommune er senter i den økonomiske regionen som omfattar Surnadal, Halsa og Rindal. Surnadal har flest innbyggjarar med 5969 pr. 1. april 2016, mens innbyggartallet for regionen samla er på 9552. Samla sett har nedgangen i regionen vore på 336 innbyggjarar dei siste 10 åra. Nedgangen i Surnadal har vore på 138 i same tidsrom.

Surnadal har eit godt tilbod på dei fleste varer. I utgangspunktet vil det ikkje vere nødvendig å reise til andre stader eller handelssentra for å kunne skaffe seg det ein treng av varer og tenester. Det er t.d. mange daglegvarebutikkar i kommunen, knytt til større kjeder. Desse er i hovudsak geografisk plassert sentralt. Det er blitt færre butikkar i grendene, men sjølv om grendene har daglegvaretilbod, handlar nok fleire av dei som bur i grendene sentralt. Dette har truleg samanheng med større og meir variert tilbod.

Tal for dei siste par åra syner at det i kommunen er aukande omsetning når det gjeld butikkhandel med daglegvarer, på tross av nedgangen i folketal. Handel med andre varer/spesialvarer, har betra seg noko dei siste par åra.

Det er og gode mulegheiter til å skaffe seg det ein treng av varer og tenester innafor bygge-bransjen, likeeins når det gjeld bil og handel gjennom bensinstasjonar, møbel, klede, sko og elektriske artiklar.



Kjøpesenterkjeda Amfi har sitt hovudkontor i Surnadal. Amfi er engasjert i rundt 75 kjøpesentra over heile landet. Dei fleste av desse blir marknadsført som Amfisentre. Amfi Kreativ AS er eit datterselskap av Amfi Drift AS og er kjeda sitt interne reklamebyrå.

## 5.3 Mulegheiter og utfordringar

Skal butikkane i Surnadal fortsette med å selje varer og tenester innafor eit så breitt spekter som dei gjer i dag, må kundegrunnlag og omsetnad haldast ved like, og aller helst styrkast. Handelslekkasje, særleg innafor butikkhandel med andre varer enn nærings- og nytings-midlar, er ei vanskeleg utfordring som ein stadig må arbeida vidare med for å motverke. Større sentra i andre regionar som Orkdal, Trondheim, Molde og Kristiansund har ofte betre pristilbod og varetilbod, samtidig som dei og kan tilby opplevingar som kan kombinerast med handel. Det er viktig å bevisstgjere konsekvensane av å ikkje handle lokalt.

Internethandel bidreg og i noko grad til auke i handelslekkasjen. Mange handlar varer og tenester "på nettet". I kor stor grad netthandel, med t.d. elektroniske artiklar, data, reiser, bøker, møbel og klede, går ut over lokale butikkar har ein ikkje tal på. Netthandelen blir nok ikkje mindre omfattande i framtida.

Dei aller fleste innafor handel og service driv ein eller anna form for marknadsføring av sine produkt og tenester. Kvar for seg kan nok denne vere god, men det kan spørjast om samordning kan gi betre effekt. Det kan og vere god grunn til å tru at det vil vere gunstig om ein samtidig marknadsfører kva lokalsamfunnet kan tilby av opplevingar, natur og miljø, osb. Det er fleire og fleire som kombinerer reiseliv med handel.



*Landbrukshuset med fleire tenestetilbod og butikkar*

Kommunikasjon er viktig når det gjeld handel. Vesentlege moment vil vere omfattende transporttilbod, gode vegar og reisetid. Dei aller fleste husstandar har i dag bil, så behovet for lokalbussar, utanom skolebussar, er nok i for liten grad til stades til å kunne forsvarast økonomisk. Vegstandarden lokalt og ut/inn av regionen burde på fleire strekningar vore langt betre. Når det gjeld reisetid vil dei aller fleste ha denne så kort som mogleg. T.d. er det ferjefri reise nordover til Orkdal og Trondheim, mens det mot Sunndal og Molde og til Kristiansund er det ferje, noko som gjer reisetida lengre. Realisering av i første omgang Todalsfjordprosjektet vil vere viktig for nedkorting av reisetida.



## 5.4 Mål, strategiar og tiltak

### Mål

Ta posisjonen som handelssenter for Indre Nordmøre gjennom å auke konkurranseevna til handels- og servicenæringa, slik at dei kan konkurrere mot store handelssenter, og derigjennom skape auka vekst og betre lønsemeld for næringa.

### Strategi 1:

Styrke satsinga mot allereie etablerte bedrifter i regionen.

#### Tiltak:

- Alle deler av den kommunale organisasjonen skal ha ei "ja-haldning" til verksemder som ønskjer utvikling og vekst.
- Skape eit tettare samarbeid mellom alle butikkane og verksemndene frå Skei til butikksentret gjennom næringsforening og handelsforum, samt øvrige bedrifter i handels- og servicenæringa.
- Støtte opp under om eigen årleg bransjedag med fokus på fornying, motivasjon og marknadsføring.
- Nettverksbygging – Få formalisert eit handelsforum som ei underavdeling til Surnadal Næringsforrening, same organisering som dei har i Sunndal.
- Kurs og studiar for både drivrarar og tilsette i næringa.
- Motivere til å etablerer lærlingeplassar.

### Strategi 2:

Styrke satsinga mot gründerar og nye etableringar.

#### Tiltak:

- Kommunen skal ta imot nyetablerarar med opne armer, og gjev dei rask behandling av søknadar og liknande. Gjere det lettare å etablere seg: Risikokapital, lokalitetar og marknadsføring.
- Ha oversikt over og vidareformidle moglegheitene som ligg i kommunen og øvrig virkemiddelapparat.
- Satse på ungdom gjennom samarbeid næringsliv og skule, og gi grunnlag for nytenking, risikovilje og framtidig etablering.



# 6 LANDBRUK

## 6.1 Bakgrunn

Kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteke i 2014, har følgjande strategi for landbruksnæringa:

Strategi frå samfunnsdelen:

Det må leggast til rette for at landbruksnæringa kan halde fram med å utnytte dei samla ressursane som brukar utgjer, som jorda, elvane, utmarka og dei menneska som bur der.



## 6.2 Status

Surnadal kommune er den nest største jordbrukskommunen i fylket, både når det gjeld jordbruksarealet og omsetting, mens Surnadal er den største skogbrukskommunen. Når det gjeld talet på bruk i drift er vi den fjerde største etter Fræna, Ørsta og Rauma. I tillegg skapar kvart årsverk ein til to arbeidsplassar i tilstøytande næringar og andre næringar som mellom anna veterinærar, handverkarar, rådgjevarar, maskinleverandørar, handelsnæringa og ei rekke andre underleverandørar.

### 6.2.1 Jordbruket

Det er over 35 571 dekar jordbruksareal i kommunen, som er kornåkrar, gras til fôr, potet og beitemark. Kommunen har 38% av kornarealet i fylket. Den årlege verdiskapinga er stor, og det blir omsett mat for om lag 141 millionar kroner i året. Det er 192 årsverk knytt direkte til jordbruket. Mjølk og kjøtt er hovudproduksjonen.

I 2015 vart det produsert 11,2 mill. liter mjølk frå 58 hentepunkt (8,3 mill. liter og 103 mjølkebruk i 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikjemjølk, ost og andre meieriprodukt til over 37 000 personar. Gjennomsnittleg buskap var på 29 kyr (15,2 kyr i 2000) og desse leverer årleg 199 500 liter mjølk. Av desse var det 17 fjøs med lausdrift. Det er no 9 fjøs med AMS (mjølkerobot), og desse brukar leverer 4,1 mill. liter. Frå mjølkestall blir det levert 1,3 mill. liter. I Surnadal har det vore ein gledeleg auke i



disponibel kvote som i dag ligg på 11,9 mill. liter. Mellom 1997 og 2015 har produsentar vore aktive i å kjøpe kvotar for å styrke eigen produksjon.

Samla er husdyrhaldet i Surnadal ein stor buskap: 1 600 mjølkekyr, 3 800 amekyr/andre storfe, 7 200 sau og lam, 2 300 griser, 15 000 høner og 67 000 slaktekyllingar. Årleg blir det produset 1 050 000 kg kjøtt, som tilsvrar arsforbruket av kjøtt til vel 16 000 personar.

Landbruksnæringa i Surnadal viser den same utviklinga som i landet elles. Det har vore store strukturendringar i heile perioden frå 70-80-talet, da mange investerte i nye fjøs og maskiner. Nytt teknisk utstyr, nye fjøs og meir effektive produksjonsmetodar gjer at en likevel greier å halde oppe produksjonen (mjølkeproduksjonen er større enn nokon gong) og halde areala i drift. Jordbruksarealet blir i dag dreve av 165 aktive brukarar. Dette jordbruksarealet tilhører heile 498 store og små jordbrukseigedomar. Ein stor del av driftsgrunnlaget er leigejord. Dette kan vere utfordrande da mange har därlege avtalar eller ikkje avtalar i det heile om bruk av leigejorda. Det knyter seg og utfordringar til lange avstandar og med det store transportutgifter og tidsbruk for transport av gjødsel og fôr. Dei siste åra er det blitt bygd fleire lausdriftsfjøs med mjølkerobotar. Betre traktorar og reiskap, føringsautomatar, rundballpressa, mjølkerobotar m.m. har bidrege til ei meir rasjonell drift. Sjølv om mange har gjort store investeringar dei siste åra, er det noko høgare terskel i dag for å gjere store investeringar.

Næringa har mange dyktige utøvarar som har satsa stort, og det har dei siste fem åra vore investert over 100 millionar kroner i driftsbygninga. Nye bygg blir planlagt. Det viser at mange ønsker å satse vidare som matprodusentar. Kvotekjøp har også bidrege til å halde oppe produksjonen. Elles er vi i den heldige situasjonen at mykje av jorda i kommunen kan nyttast til kornproduksjon. Det er derfor lite jord som har blitt liggende brakk.

Sjølv om det enkelte stader i kommunen er langt mellom mjølkeprodusentar og sauebruk, er det samla i kommunen gode produksjonsmiljø og aktive organisasjonar.

Det er no slutt på tilskotet for å legge om til økologisk mjølkeproduksjon. Salet av økologisk mjølk aukar ikkje, og TINE ønsker derfor ikkje å stimulere til meir produksjon.

Eit utval la i 2014 fram den offentlege utgreiinga NOU 2014: 15 , «Norsk pelsdyrhald – bærekraftig utvikling eller styrt avvikling? — Gjennomgang av pelsdyrnæringen».

Eit fleirtal av utvalet går inn for berekraftig utvikling av næringa, og meiner at velferden for pelsdyr vil bli teke i vare viss regelverket blir følgd og dei foreslalte tiltaka knytta til dyrevelferd blir følgd opp innan rimeleg tid.

Den norske pelsdyrnæringen er under gjeldande rammevilkår ei lønsam og internasjonalt konkurransedyktig næring. Samtidig er pelsdyrnæringa omstridt. Nokre land har heilt eller delvis avvikla pelsdyrhaldet, eller er i gang med prosessar for dette.



Nøkkeltal for jordbruket i Surnadal:

	1980	1990	2000	2010	2015
Bruk i drift	402	335	259	175	163
Bruk med mjølkekjyr (hentepunkt)	181	151	112	72	56
Bruk med kjøttproduksjon, storfe				22	17(2014)
Bruk med sau	219	146	100	44	36
Bruk med gris				7	6
Bruk med pelsdyr				2	2
Bruk med eggproduksjon				2	2
Bruk med korn		107	69	46	41
Bruk med jordbær				0	0
Bruk med kylling				1	1
Bruk med grasproduksjon for sal				11	21
Samdrifter med mjølkeproduksjon				9	10
Jordbruksareal i drif (daa)		33 898	36 835	35 460	35 751
Samla mjølkekvote (1000 liter)				10 855	11 949

#### Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar)

Kvart år er det stor etterspørsel etter midlar for å sette i stand bygningar og kulturlandskap. Ordninga er svært populær og har ført til mykje positiv aktivitet for å sikre kulturhistoriske verdiar.

#### 6.2.2 Skogbruk

Surnadal er den største skogbrukskommunen i Møre og Romsdal og kan vise til rekordhogst i 2015. Til dette kjem foredlingsverksemd og treindustri med lange tradisjonar og stort omfang. Kommunen har tre sagbruk. MøreTre har siste året teke i mot 5 700m<sup>3</sup> med furu, og det er ein betydeleg nedgang frå nokre år tilbake. Sagbruket er viktig for avverkinga av tømmer i regionen, da Solem sag og Bøfjorden sag berre tek i mot laftetømmer, ca. 4 000m<sup>3</sup> kvar, med min. diameter 25 cm. Surnadal og Rindal har mulegheitene for å sende furutømmeret nordover, mens kommunane lenger sør i fylket har få alternativ til MøreTre.

All skog i Surnadal kommune vart taksert i samband med områdetakst for kommunen i perioden 2004-2006. Resultata viser:

Produktiv skog	Total tilvekst	Brutto balansekvantum
235 000 dekar	50 000m <sup>3</sup>	35 000m <sup>3</sup>



Balansekvantum er definert som det høgaste hogstkvantum som kan avverkast kvart år, når ein føreset at kquantumet ikkje skal reduserast i framtida.

### Avverking

Meir og meir av avverkinga har no gått over til å bli utført av entreprenørar. Da vi laga den førre landbruksplanen vart opptil 80% av avverkinga utført av gardbrukaren som avverka med motorsag og kjørte tømmer med landbrukstraktor. I dag utfører entreprenørar opptil 95% av avverkinga.

Bra aktivitet og mange knytt opp mot næringa. Tri små sagbruk og entreprenørar. Sterk på området. Aukande aktivitet. Potensial ser opp og fram.

Avverkinga av tømmer har variert mykje frå år til år, men som vi ser av tabellen nedanfor har det vore rekordhogst dei to siste åra. Solli Skog har i 2015 utvida til to maskinsett, og det hjelper mykje på hogsten. Skogsentrepreneurane har drifter i mange kommunar, og hogsttala kan av den grunn variere etter tida som blir bruka her i kommunen. Det er hogsten av gran som aukar, og det er plantefelta frå dei store planteåra på 50- og 60-talet som no er kome i hogstmoden alder.

År	2005	2010	2011	2012	2013	2014	2015
m <sup>3</sup>	12 323	21 775	11 704	19 542	17 293	29 470	32 000

Tabell: Hogst i Surnadal kommune omsett i ALLSKOG.

### Skogkultur

Vi nyt i dag godt av tidlegare generasjonars langsiktige investeringar i skogen, og vi må sørge for at våre barnebarn også kan hauste av den same ressursen. Tilplanta areal låg på 1 664 daa i 1991. Sia den gongen har planteaktiviteten gått nedover, men ser no ut til å stabilisere seg på årlege planteareal rundt 2-400 daa. Vi bør plante til meir enn dette. Målet framover er å plante til hogstfelta etter gran. Dette er også lovpålagt. I furumark er plantinga no erstatta med markbereding og naturleg forynging.

I 2014 er det gjeve tilskot til 30% av godkjente kostnader til planting og opptil 70% av kostnadene til etterarbeid.

### Planting og mekanisk etterarbeid

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Planting, daa	189	484	448	373	224	224	404	264	296	503
Etterarbeid, daa	630	1 335	2 277	1 592	1 123	1 274	1 102	1 298	1 088	661

Tabell: Areal nyplanting og etterarbeid



Det er viktig med etterarbeid i plantefelt. Surnadal kommune kan vise til stor skogkulturaktivitet i åra mellom 1950-1995, men etter den tid har aktiviteten gradvis gått nedover. Vi ser no at dette arealet har stabilisert seg i overkant av 1000 da. Ungskogpleie er viktig for å betre vekstvilkåra til trea. Plantefelt bør ryddast 2 gonger i løpet av dei 10 første åra. Mange eigalarar er nok mindre flinke til å pleie det som er planta, samanlikna med sjølve plantinga. Det er derfor eit etterslep på rydding. Mindre statstilskot i år gjorde at det vart mindre etterarbeid.

### Skogsvegar

Driftstilhøva i skogen er vekslande med til dels bratte lier og kupert terreng. Marka er ulendt og ofte med dårlig bæreevne. No står plantefelta frå 50-60-talet framføre haustringfasen. Det blir viktig å bygge bilvegar og lunnepllassar sidan nesten all hogst og framkøyring skjer med terregngåande skogsmaskinar. Dei siste 2-3 åra har vi vore nesten ajour når det gjeld etterspørsel og tilgang på tilskot til traktorvegar og skogsbilvegar. Taubanedrifter vil heller ikkje bli mindre aktuelt i framtida.

For å ta på seg skogsdrifter sett entreprenørane krav om at det må kunne nyttast fulle vogntog (50 tonn). Flaskehals når vi berre får kjøre 40 tonn, eksempelvis Torvik og Hamnes .

Flaskehalsen i transportsystemet er dei fylkeskommunale og kommunale vegane. For å ta på seg skogsdrifter må det vere tillatt med vogntog på 50 tonn. Slik som det er i dag med eksempelvis maks. 40 tonn mot Torvik og Hamnes, vil det ikkje vere aktuelt med skogsdrifter i desse områda.

I siste planperiode er fleire kommunevegar oppskrevne når det gjeld akseltrykk og totalvekt. Det står att fleire vegar, og det burde vore betre rutinar og samhandling mellom det offentlege og næringa for å unngå slike begrensningar.

### Utmarka

Utmarka i kommunen utgjer ein stor ressurs, både som beiteland for husdyr og storvilt, som ein jakt- og fiskeressurs, sal og feste av hyttetomter og utelege av hytter. Hytter har vore og er ein viktig inntektspost for mange grunneigarar. Store areal er regulert for hyttebygging. Jakt- og fiskeressursane er lite kommersielt utnytta.

### Storviltjakt

Etter er fleire år med vekst opplever vi no utflating i bestanden. Det kjem av auka avskyting, men også nokre harde vinrar har hatt sin innverknad. Stammen er fortsatt litt høg i enkelte område. Det blir arbeidd med å få til meir bestandsplanbasert forvalting, det inneberer større område samarbeider om felles bestandsplan.



Beiteskader på innmarka i enkelte område. Det er ikkje så lett å gjere noko med dette. Inngjerding og auka avskyting i enkelt område (gjennom bestandsbasert forvalting) kan vere med på å redusere problema.

Hjortestammen veks frå år til år, og det er eit spørsmål om vi no nærmar oss ei grense for kor stor han kan bli. Det er ei avskyting på mellom 370-400 pr. år. Avskytinga ligg no på rundt Vi opplever no auka skadepress på både innmark og utmark. Det blir no forska på vandringane gjennom eit lokalt merkeprosjekt som har gått føre seg i fem år. Fleire kommunar er med. Vi får meir kunnskap om korleis den flyttar på seg. Hjorten er inne i dalane om sommaren og trekker ut mot kysten vinters tid. Ein auke i bestanden av hjort fører til auka beitepress på innmarka. Hjorten går og laus på lagra rundballar og beitar ned ekrene om våren og hausten. Mange har stort tap av fôr på grunn av hjorten.

Elg og elgjakt er også ein viktig ressurs. Vi ligg på ei jamn avskyting på 60-70 dyr i året. Det er eit ønske å halde avskytinga på dette nivået.

### **Småviltjakt**

Småviltjakta er organisert av grunneigarane ved sal av kort eller privat utleige. Jakta er ein viktig del av friluftslivet for både kommunen sine innbyggjarar og utanbygds hytteeigarar.

## **6.3 Mulegheiter og utfordringar**

### **6.3.1 Jordbruket**

Det er eit mål for Stortinget å auke matproduksjonen i Norge. Dette skal skje med grunnlag i norske ressursar. Det er vidare ønske om auka merksemd om jordvern. Kommunen har ei sentral oppgåve og ansvar i denne samanheng, både i samanheng med kommuneplanen sin arealdel og handteringa av jordlova. Strukturendringane i landbruket vil nok halde fram i dei nærmaste åra også. I enkelte område kan det bli vanskeleg å få nye drivvarar av jorda som blir ledig, men samla sett er jorda i kommunen lettdreva.

Rovvilstituasjonen og økonomien i sauehaldet har ført til sterkt reduksjon i talet på sauebruk. Denne reduksjonen ser no ut til å flate ut, og det er med stor glede vi kan slå fast at saunæringa fortsatt står sterkt i kommunen, og at det er eit svært godt miljø brukarane i mellom. Når det gjeld rovdysituasjonen har det hatt mykje å seie at Trollheimen ikkje lenger (frå 2011) er eit yngleområde for jerv.

Mange mjølkeprodusentar har innan få år behov for å fornye driftsbygningane sine, noko som krev store investeringar. Det er også behov for nye driftsbygningar i sauæringa.



Færre aktive gardbrukarar fører til mindre fagmiljø. Kløverstukveldane er viktige både sosialt og fagleg. Slike treffstader kunne vore bygd ut ved å etablere grenavise møtestader (kukaffe), der ein kunne samlast til ein uformell prat.

Det har vore eit nasjonalt mål at 15% av dyrkjorda skal vere drive økologisk innan 2015. Dette målet har ein ikkje nådd, og her i kommunen er det også få nye økologiske aktørar.

Det har vore arbeidd mykje med å utvikle attåtnæringar på gardsbruka. Det er etablert fire Inn på tunet-verksemder. Både med tanke på dette som læringsarena for skuleelevar, terapi og bevegelsestrening, frisklivssentral m.m., vil det vere viktig at vi held fram med å støtte arbeidet med å vidareutvikle dette tilbodet, slik at det samsvarar med behovet til aktuelle brukargrupper.

### 6.3.2 Skogbruket

Etter kvart som plantefelta blir avverka, blir det viktig å få felta tilplanta. Det er og lovfesta og skogeigar er derfor forplikta til å plante til hogsfelta. Framover blir det og viktig å stimulere til rydding av slike plantefelt, slik at verdiskapinga blir så stor som muleg.

I tillegg til den lokale verdiskapinga er skogen viktig for bevaring av biologisk mangfald, som arena for friluftsliv og rekreasjon og ikkje minst for opptak og binding av CO<sub>2</sub>. Nasjonalt tek skogen opp om lag halvparten av vårt årlege samla utslepp av klimagassar. Det er eit stort potensial i å auke denne andelen gjennom god forvaltning av skogen.


#### Tilgjengeleg skog

For at skogentrepreneurane skal få tilgang til skogen må det byggast skogsvegar og lunningsplassar. Flaskehalsane på det offentlege vegnettet må og utbetrast. For å oppnå dette må spesielt bruene oppgraderast til å tolde tungtransport.

#### Skogkultur

For tida er det relativt mange utlendingar som tar på seg skogkulturoppdrag i Norge. Først og fremst gjeld dette skogplanting. Dette er eit heilt nødvendig arbeidskrafttilskott som må oppretthaldast og helst utvidast i åra framover. Det er ei utfordring å skaffe nok arbeidskraft til skogkulturoppgåver.

Den offentlege rettleiingstenesta må ha ein nøkkelrolle når det gjeld å informere, rettleie og å ta initiativ overfor skogeigarane. Rettleiingstenesta er og viktig for å sikre tilgang på offentlige tilskotmidlar.



## 6.4 Mål, strategiar og tiltak

### Mål:

#### Mål:

Vidareutvikle eit aktivt, allsidig og levedyktig landbruk i kommunen for auka matproduksjon av beste kvalitet.

### Strategi 1:

Fokus på økonomi, kompetanse og rekruttering

#### Tiltak:

- Bidra til å betre økonomien gjennom at gardbrukarane blir oppmoda om å ta kurs i bedriftsøkonomi og å lære seg å bli betre bedriftsleiarar.
- Årlege møte mellom næringsavdelinga og
- Bidra til å føre vidare og vidareutvikle gode møteplassar for næringa.
- Halde fram med samarbeidet om Kløverstukveldane.
- Sikre tilstrekkelege ressursar og fagkompetanse innan lokal landbruksforvaltning.
- Arbeide aktivt for å sikre sterke og kompetente fagmiljø for næringa lokalt.
- Samarbeid mellom aktuelle aktørar om avløysarkurs.
- Synleggjere kva landbruket betyr for kommunen.
- Gardsbesøk, gjerne frå både politisk og administrativ side.
- Informasjonsmøte med nye eigarar av gardsbruk.
- Gjennomføre førehandskonferanse ved nye driftsbygningars og store ombyggingar/tilbygg.
- Prioritere utnytting av beiteressursar i utmarka og arbeide aktivt for minst mogleg tap på beite.
- Vidareføre ordninga med kommunalt landbruksfond

### Strategi 2:

Styrke eksisterande produksjonar og verksemder

#### Tiltak:

- Arbeide for auka satsing på produksjon av egg, kylling og gris viss det er marknad for det.
- Stimulere til å halde jordressursane i hevd gjennom til dømes grøfting, gjerding og nydyrkning.
- Vurdere den organisasjonsmessige plasseringa av viltforvaltinga.
- Forvalte hjorteviltet i tråd med forvaltningsplan for hjortevilt for Surnadal kommune (vedteke i 2012).
- Stimulere til uteleige av småviltjakt og storviltjakt, og uteleige av hytte/ husvære i samband med jaktutleige.
- Utvikle meir lokal matforedling gjennom småskalaproduksjon på enkeltbruk eller gjennom samarbeidsprosjekt. Samarbeid med serveringsstader, daglegvarehandel og reiseliv er viktig for å lukkast med dette.
- Utvikle vidare Inn på tunet-tilbodet.
- Legge til rette for bruk av bioenergi frå skogbruk, halm og gjødsel.



**Strategi 3:**

Sikre framtidig avverking og skogkulturarbeid

**Tiltak**

- Oppsøkande verksemd for å få til vegbygging.
- Oppgradering av kommunale veger og bruer.
- Synleggjere tømmerskogen sitt økonomiske potensiale for skogeigaren.
- Stimulere til meir ungskogpleie og at hogstflater blir tilplanta.
- Kontaktutval for skogbruk.



## 7 NÆRINGSFONDET

### 7.1 Bakgrunn

Ved kraftutbygging blir regulantar pålagde å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til dei kommunar kor utbygginga er. Regulanten kan også bli pålagt å opprette eit fond i desse kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som blir kalla kraftfond. Kraftfondet skal først og fremst nyttast til næringsformål, derfor blir kraftfonda oftast kalla næringsfond, slik også i Surnadal.

Lovreglane om kraftfond finner ein i Industrikonsesjonsloven (14. desember 1917 nr. 16, § 2, 3. ledd nr. 13, 6. ledd) og Vassdragsreguleringsloven (14. desember 1917 nr. 17, § 11 nr. 2, 2. ledd). Desse blei endra ved lov av 12. juni 1987 og begge lyd no slik:

*Avgiften til fylkeskommunen og til kommunene fordeles mellom disse innbyrdes etter bestemmelse av Kongen for 10 år ad gangen. Avgiften avsettes særskilt for hver kommune til et fond, som anvendes etter bestemmelse av fylkestinget eller kommunestyret. Denne myndigheten kan delegeres til annet kommunalt eller fylkeskommunalt organ. Fondets midler skal i samsvar med vedtekter som er undergitt vedkommende departements godkjennelse, fortrinnsvis anvendes til utbygging av næringslivet i distriktene. Departementet kan delegere myndigheten til å godkjenne vedtekten til fylkesmannen. Kommunen kan påklage fylkesmannens avgjørelse etter nærmere regler fastsatt av departementet. Vedtekter for fond under et beløp Kongen bestemmer, trenger ikke godkjennelse.*

Retningslinene for bruken av det kommunale næringsfondet er gjeve i Rundskriv H - 16/98 frå Olje- og energidepartementet.

### 7.2 Status

Dei første vedtektena for næringsfondet i Surnadal vart vedteke av Kommunestyret den 20. november 1978. Vedtekten har heilt frå starten av vore tilpassa standardvedtektena som departementet har utarbeid for slike fond. Endringar har vore gjort sia den gong for å tilpasse endringar til EØS-regelverket. I ei endring som Kommunestyret gjorde den 21.juni 1994, blei det samstundes opna for kjøp av aksjar i private bedrifter.

Dagens vedtekter for næringsfondet i Surnadal er vedtatt i kommunestyremøte 13.februar 2014:

#### § 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING.

Vedtektena er gjeve med heimel i Rundskriv H-1/11 frå Det Kongelege Kommunal- og Regionaldepartement november 2011, og erstattar tidlegare vedtekter for næringsfondet i Surnadal kommune, sist endra av Kommunestyret den 6.mai 1999.



Fondets grunnkapital er næringsfond på kr.112.500,- innbetalt av Driva kraftanlegg i medhald av konsesjonsvilkåra gjeve i kongeleg resolusjon av 31.10.1969. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskott.

Fondet avkastning består av konsesjonsavgiftene frå kraftproduksjonen lokalisert i Surnadal, som blir innbetalt kvart år frå kraftverka til Statkraft og Svorka. Årleg tilført beløp utgjer pr.01.01.2014 kr.5.169.565,-

## **§ 2. FORMÅL**

Kraftfondet skal nyttast til tiltak som fremmer næringslivet og trygger busettaden i Surnadal kommune, og kan disponerast fullt ut det enkelte år eller setjast av til seinare bruk. Kraftfondet skal i første rekke nyttast til næringsformål i samband med nyestablering og vidareutvikling av eksisterande verksemd. I tillegg kan fondet nyttast til tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekkje løpende drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets formål.

Det kan heller ikkje gis støtte til bedrifter for å dekkje avdrag og renter på lån eller løpende drift.

Det bør heller ikkje gis støtte til verksemd som mottek betydelege overføringer over statsbudsjettet.

## **§ 3. STØTTEFORMER.**

Støtte frå næringsfondet kan gjevast som tilskot. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleiebygg og liknande som kommunen etablerar i samband med private interesser.

## **§ 4. TILHØVET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STATSSSTØTTEOMRÅDET**

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på støtteområdet. Ein følgjer her regelverket for bagatellmessig støtte.

## **§ 5. FORVALTNING**


Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag tilbakeføres til fondet.

## **§ 6. ÅRSMELDING OG RAPPORTERINGSPLIKT.**

Kvart år skal det leggast fram for kommunestyret årsmelding med rekneskap for verksemda i fondet. Kopi av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

## **§ 7. GODKJENNING AV VEDTEKTENE.**

Kommunestyret kan med vedtak endre vedtekturene. Vedtaket må godkjennast av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast fylkeskommunen.



Under gjennomgangen og behandlinga av næringsfondet i 2014, ble det også vedteke nye retningsliner og vurderingskriterier. Retningslinene blei vedtatt i 7 punkt slik:

1. *Det skal være politisk behandling av tilskottssaker*
2. *Alle bevilgningar kan godkjennast av formannskapet med beløp inn til kr. 500.000,-. Beløp over dette kan vidare til kommunestyret. Ordføraren og rådmann har fullmakt på inntil kr. 40.000,- som skal rapporterast inn til formannskapet. Dette forutsett endring i delegasjonsreglementet.*
3. *Eit definert beløp skal settast av som ei årleg løyving til nyetablerarar. Denne løyvinga kan rådmannen administrere.*
4. *Det kan settast av kr. 100.000,- kvart år til reservefond.*
5. *Søknadsfrist er 15. mars, 15. august og 15. november*
6. *Søknadane blir førstegongshandsama i team*
7. *Støtte bør ikkje være over 50% av investeringa.*

Vurderingskriteria blei vedteke slik:

1. *Vurdere sterkare skjønn i forhold til søkeren og gjennomføringsevne*
2. *Målbar risikovurdering*
3. *Kvinnearbeidsplasser og ungdomsarbeidsplasser bør vektleggast*
4. *Arbeidsplassane skal ha firmadresse innafor kommunen – fram i tid*
5. *Prioriter heltidsnæringer, ikkje hobbyverksemid.*
6. *Sett krav om budsjett –forretningsplan/modell*
7. *Konkurransemoment må vurderast*

*Det skal brukast poengskala for å vurdere om ein søker er kvalifisert til å søkje, slik at kriteria vert mål objektivt.*

Pr. 2016 blir fondet tildelt ca. kr.5.170.000,- i konsesjonsavgifter. Dette beløpet blir indeks-regulert kvart 5. år, siste gong i 2013.


## 7.3 Muligheter og utfordringar

Det er ein stadig aukande tendens at næringsfond rundt omkring i kommunane blir brukt opp og tappa framfor å legge til side midlar til framtidige utfordringar, slik er det også for næringsfondet i Surnadal.

Næringsfondet vil være eit svært viktig verkemiddel til å følgje opp dei tiltaka som blir realisert i tråd med prioriteringane i næringsplanen. Av andre verkemiddel ein har tilgang på i Surnadal, er verkemidla frå Innovasjon Norge dei mest brukte. I forhold til Innovasjon Norge så ligg det føre ei arbeidsdeling med dei kommunale næringsfonda. Dei kommunale næringsfonda skal fungere som ei 1. line og evt. bidra med lån/torskott på eit tidleg tidspunkt for evt. å kvalifisere prosjekta inn mot Innovasjon Norge sine ordningar.



Ein ser i dag at næringsfondet blir nytta til både etableringar, utviklingstiltak og tilretteleggjande tiltak. Fordelinga mellom desse vil variere, og det vil neppe bli korrekt å sette rammer på fordelinga av bruken mellom disse bruksområda. I perioden 2013-2015 har fordelinga vore slik:



Per i dag blir det ikkje gjort noko systematisk arbeid for å kartlegge resultat og effektar av tilsegn gjennom kommunale- og regionale næringsfond. KRD ønskjer at det skal bli gjort meir. Men ei forundersøking viser at ein finn svært lite tilgjengeleg informasjon om kva dei kommunale og regionale næringsfonda har ført til av resultat og effektar.

## 7.4 Mål, strategiar og tiltak

### Mål

Målet med støtteordninga kommunale næringsfond er å styrke kommunane sitt høve til å arbeide med næringsutvikling med utgangspunkt i føresetnadene og muleheitene i lokalmiljøet.

- Utvikle ein attraktiv lokalsamfunn, befolkning og næringsliv.

### Strategi 1:

Fremme næringsutviklingsarbeidet gjennom kommunal tilrettelegging og støtte til nyetableringer og videreutvikling av eksisterende bedrifter



**Tiltak:**

- Stille krav til søkerne og søkeren
- Eigenkapital og eigeninnsats i prosjektet må tilleggast vekt.
- Søknader med utarbeidd forretningsmodell blir tillagt vekt.
- Bruke kommunen sine nettsider til å legge ut mal på forretningsmodell og nattbasert hjelp om korleis ein kan søkje om offentlege midlar til etablering og utvikling.

**Strategi 2:**

Styrke lokalt næringsutviklingsarbeid med utgangspunkt i lokalmiljøets føresetnader og muligheter.

**Tiltak:**

- Legge vekt på vekst, utvikling og sysselsettingseffekt.
- Tiltak vedtatt i gjeldande næringsplan bør prioriterast.
- Styrke grunnlaget for kompetanseheving.
- Stimulere til å skape ein styrka fysisk infrastruktur.

**Strategi 3:**

Stimulere til å skape eit attraktiv lokalsamfunn for dei som bur i kommunen (bulyst) og næringslivet.

**Tiltak:**

- Gi god tilgang til grunnleggjande lokale tenester til innbyggjarane.
- Utvikle attraktive sentra som bustad og som lokalisering for bedrifter.